

Agder Sekretariat KO

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

Til kontrollutvalets medlemmar:

Olav Mandt (leiar), Tor Hallvard Mosdøl (nestleiar), Ingrid Helle (medlem), Anne Blix Grimestad (medlem), Geir Anders Breive (medlem)

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid/stad: Onsdag 6. mai 2026 kl. **09.00**, møterom kommunestyresalen

SAKSLISTE

- SAK 07/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 04.02.26
SAK 08/26 ÅRSREKNESKAPEN 2025 BYKLE KOMMUNE
SAK 09/26 KOMMUNEDIREKTØRENS OPPFØLGING AV
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT
«INTRODUKSJONSPROGRAMMET I BYKLE KOMMUNE»
SAK 10/26 KOMMUNEDIREKTØREN SI OPPFØLGING AV NUMMERT BREV NR.
1-26
SAK 11/26 REVISOR ORIENTERAR

Orienteringar

Dagleg leiar i SMG IKS kjem frå starten av møte for å orientera om status i selskapet og status i etterkant av eigarskapskontrollen i 2023.

Kommunedirektør er invitert til møte for å:

- presentasjon av årsrekneskapen og årsmelding
- presentere si tilbakemelding i sak 09/26 og sak 10/26
- gje tilbakemelding på vurdering om gjeldande investeringsreglement i tilstrekkeleg grad tek høgde for erfaringane frå «kulvert saka» og eventuelt komme med framlegg om forbetningspunkt.

Fast post

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

Eventuelt

Bykle, 29. april 2026

Olav Mandt
Leiar

Eierkommuner:
Bygland, Bykle, Evje og Hornnes,
Farsund, Flekkefjord, Hægebostad,
Iveland, Kvinesdal, Lindesnes,
Lyngdal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Willy Gill
Telefon: 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Rådgiver Inger Lise Austrud
Telefon: 91 86 99 75
E-post: inger.lise.austrud@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Inger Lise Austrud
Utvallssekretær

Forfall og inhabilitet bes meldt til Inger Lise Austrud, tlf. 918 69 975 / ila@asekretariat.no
Kopi til: Ordfører, kommunedirektør, revisor, Bykle kommune, Setesdølen

Agder Sekretariat KO

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak 07/26

Møtedato: 06.05.26

Sakshandsamar: ILA

SAK 07/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 04.02.26

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 04.02.26

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 04.02.26 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 04.02.26 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

BYKLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 01/26

Dato: 04.02.2026 kl. 09.00 – ca. kl. 10.30

Stad: Bykle rådhus, kommunestyresalen

<p><u>Til stades:</u> Olav Mandt, leiar Tor Hallvard Mosdøl, nestleiar Peik Bachmann, varamedlem Geir Anders Breive, medlem</p> <p><u>Forfall:</u> Anne Blix Grimestad, medlem Ingrid Helle, medlem</p>	<p><u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Maren Stapnes, Tor Ole Holbek og Torjus Finstad Ledaal Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud Administrasjonen v/ Signe Sollien Haugå (kommunalsjef samfunn)</p>
---	---

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

SAKSLISTE

- SAK 01/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 12.11.25
- SAK 02/26 KONTROLLUTVALET'S ÅRSMELDING 2025
- SAK 03/26 ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA
- SAK 04/26 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR
- SAK 05/26 ENDELEG INNBERETNING MISLIGHETSSAK
- SAK 06/26 REVISOR ORIENTERAR

Orientering

Administrasjonen er invitert frå starten av møte for å orientera om:

- kulvert Rv9, med fokus på historikk og formalitetar i saka, vedtak som er gjorde, og kva for økonomiske forpliktingar som ligg føre.

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet:

Eventuelt

Referatsaker

- Ref. 01/26 Tilsynsrapport Statsforvalteren – tilsyn med integreringslova
- Ref. 02/26 Innkalling representantskapsmøte Setesdal Brannvesen IKS (eige vedlegg i epost)
- Ref. 03/26 Protokoll representantskapsmøte Setesdal Brannvesen IKS (eige vedlegg i epost)

Underskrift

Olav Mandt
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Bykle kommune, Setesdølen

Orientering

Administrasjonen orienterte utvalet om:

- kulvert Rv9, med fokus på historikk og formalitetar i saka, vedtak som er gjorde, og kva for økonomiske forpliktingar som ligg føre.

I etterkant av orienteringa frå administrasjonen valde kontrollutvalet å fatte vedtak. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber administrasjonen vurdere om gjeldande investeringsreglement i tilstrekkeleg grad tek høgde for erfaringane frå denne kulvert saka og eventuelt komme med framlegg om forbetningspunkt.

SAK 01/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 12.11.25

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 12.11.25 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 12.11.25

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 12.11.25 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 12.11.25 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

SAK 02/26 KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING 2025

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. *Framlegg til årsmelding for 2025 vert vedteken.*
2. *Årsmeldinga sendes kommunestyret til orientering.*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Framlegg til årsmelding for 2025

Bakgrunn for saka:

I kommunelova §23-5 står det at kontrollutvalet skal informere kommunestyret om sitt arbeid. Det er etablert ein praksis med å utarbeide ei enkel årsmelding frå kontrollutvalet. Eg har utarbeida eit framlegg til årsmelding som vert lagt fram for godkjenning. Utvalet sender den endelege årsmeldinga vidare til kommunestyret til orientering.

Framlegg til vedtak:

1. Framlegg til årsmelding for 2025 vert vedteken.
2. Årsmeldinga sendes kommunestyret til orientering.

SAK 03/26 ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll og nummerert brev nr. 1-26 til orientering.

Kontrollutvalet ber kommunedirektør kome med skriftleg tilbakemelding innan 01.03.26 på oppfølginga av nummerert brev 1-26.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Attestasjonsuttale frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 23.01.26

Brev 1-26 Forenkla etterlevingskontroll frå Agder Kommunerevisjon datert 23.01.26

Bakgrunn for saka:

Revisor har utført eit attestasjonsoppdrag i samband med Bykle kommunes etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til vedtak på særskilt tilrettelagte bustader.

Revisor har kontrollert følgende:

- Har kommunen en oversikt over boliger med utleie til helse- og sosialformål
- Har kommunen gyldige enkeltvedtak på tildeling av bolig med særskilt tilrettelegging i de tilfeller det kreves mva-kompensasjon på utgifter til boligen, og oppfyller vedtakene kravene til legitimering av retten til å kreve mva-kompensasjon

Uttalen gjev moderat sikkerheit for konklusjonen, altså er det ikkje like strenge beviskrav som til ei revisjonsberetning.

Saksopplysingar:

Kommunestyret skal sjå til at uavhengig instans med kunnskap om økonomiforvaltninga vurderer rutinane. Kommunestyret skal og sjå til at slike rutinar er etablert og overhaldd. Kontrollutvalet er kommunestyrets tilsynsorgan og det ligg til utvalet å føre tilsyn med kommunens forvaltning på kommunestyrets vegne.

Revisor har avlagt negativ konklusjon og legg ved tilhøyrande nummerert brev nr. 1.

Grunnlag for negativ konklusjon:

Ved kontrollen ble det avdekket at 2 av 4 vedtak ikke hadde tilstrekkelig begrunnelse for beboernes behov for særskilt tilrettelagt bolig. For alle de 4 kontrollerte vedtakene forelå det mangler i beskrivelsen av hvordan boligen oppfyller beboers behov for tilrettelegging.

Konklusjon:

På grunn av betydningen av forholdet beskrevet i avsnittet «Grunnlag for negativ konklusjon» kan vi ikke konkludere med at Bykle kommune i det vesentligste har etterlevd kravene til vedtak på særskilt tilrettelagte boliger.

Vurderingar:

Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalets del er ansvaret avgrensa til å sjå til at det vert gjennomført, og halde seg orientert om risiko- og vesentlighetsvurdering samt resultatet frå kontrollen.

Forenkla etterlevingskontroll styrker kontrollutvalets grunnlag for ivareta sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga er i samsvar med føresegner og vedtak.

Kommunedirektør er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at økonomiforvaltninga er i tråd med føresegner og vedtak, og at økonomiforvaltninga er gjenstand for betryggande kontroll.

Revisor vil i møtet orientere om resultatata frå den forenkla etterlevingskontrollen og svare på eventuelle spørsmål.

Sekretariatet har elles ingen merknader i saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll og nummerert brev nr. 1-26 til orientering.

Kontrollutvalet ber kommunedirektør kome med skriftleg tilbakemelding innan 01.03.26 på oppfølginga av nummerert brev 1-26.

SAK 04/26 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor sine eigenvurderingar om uavhengighet til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Uavhengighetserklæringar frå dei oppdragsansvarlege revisorane Tor Ole Holbek og Torjus Finstad Ledaal

Bakgrunn for saka:

Oppdragsansvarleg revisor skal i medhald av forskrift om kontrollutval og revisjon §19 kvart år gje ei skriftleg eigenvurdering om sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet må vurdere om revisors eigenvurdering tilseier at revisor tilfredsstiller dei krav til uavhengighet som går fram i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Vurdering:

Kontrollutvalet kan ta eigenerklæringa til orientering

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor sine eigenvurderingar om uavhengighet til orientering.

SAK 05/26 ENDELEG INNBERETNING MISLIGHETSSAK

Handsaming i møte:

Lukking av møte:

Leiar føreslo å lukke møte under handsaming av saka med henvisning til kommunelova § 11-5, jf. offl. §13. jf. fvl § 13

Utvalet drøfta dette og vedtok følgande:

Vedtak:

Kontrollutvalet lukker møte under handsaming av saka med henvisning til kommunelova § 11-5, jf. offl. §13. jf. fvl § 13

Møtet vart lukka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisors endelege innberetning til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Agder Kommunerevisjon IKS, brev nr. 2-26 datert 23.01.26 med vedlegg, unnateke offentlig innsyn jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13 (vert ettersendt i eiga forsending)

Bakgrunn:

I samsvar med kommunelova § 24-7 skal revisor straks sende ei førebels innberetning til kontrollutvalet dersom det vert avdekt mislegheiter ved revisjon eller på annan måte. Når saksforholdet er nærare kartlagt, skal revisor sende ei endeleg innberetning som nummerert brev med kopi til kommunedirektør.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet ved sekretariatet har motteke nummerert brev nr. 2-26 frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 23.01.26.

Revisor vil orientere om innhaldet i brevet i møtet og kan svare på eventuelle spørsmål.

Vurderingar:

Brevet er unnateke offentlig innsyn jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13.

Saka inneheld opplysningar som er underlagde teieplikt etter lovverket, og utvalet må difor lukke møtet under behandlinga jf. koml. § 11-5.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisors endelege innberetning til orientering.

SAK 06/25 REVISOR ORIENTERAR

Handsaming i møte:

Rekneskapsrevisjon:

Det pågår førebuande arbeid knytt til årsoppgjørrevisjonen. Kommunen sin frist for levering av årsrekneskapan er 22.02.26. MVA-kompensasjon for 6. termin er levert innan fristen.

Forvaltingsrevisjon:

Forvaltingsrevisjonen «Samfunnssikkerheit og beredskap» er under arbeid, og oppstartsmøte med kommunedirektøren er gjennomført.

Arbeidet med forvaltingsrevisjon og eigarskapskontroll i Setesdal Brannvesen IKS er godt i gang.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet: Neste møte i kontrollutvalet er 06.05.26

Eventuelt

Referatsaker

Ref. 01/26 Tilsynsrapport Statsforvalteren – tilsyn med integreringslova

Ref. 02/26 Innkalling representantskapsmøte Setesdal Brannvesen IKS (eige vedlegg i epost)

Ref. 03/26 Protokoll representantskapsmøte Setesdal Brannvesen IKS (eige vedlegg i epost)

Kontrollutvalet tek referatsakene til orientering

Agder Sekretariat KO

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak 08/26

Møtedato: 06.05.26

Sakshandsamar: ILA

SAK 08/26 ÅRSREKNESKAPEN 2025 BYKLE KOMMUNE

Lover, forskrifter:

Lov om kommunar og fylkeskommunar m.m.
Budsjett- og rekneskapsforskrifta av 2019

Saksdokument vedlagt saka:

Revisjonsberetning, datert 10. april 2026
Årsrekneskapen og årsberetning 2025 (vedlegg i e post)

Saksopplysningar:

Kommunens årsrekneskap viser eit netto driftsresultat på kr 50 438 151.

Revisor har gitt normal revisjonsberetning utan forbehold eller presiseringar.

I revisjonsberetninga uttaler revisor seg om:

Revisjonen av årsrekneskapen:

Revisors konklusjon :

Etter vår meining

- *oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og*
- *gir årsregnskapet i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til kommunekassen per 31. desember 2025, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.*

Andre lovmessige krav:

- Konklusjon om registrering og dokumentasjon
- Konklusjon om årsmeldinga
- Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Revisjonen har gjennom sine handlingar ikkje avdekket forhold som er av ein slik art at dei har betydning for konklusjonane på andre lovmessige krav.

For nærare informasjon vises det til revisjonsberetninga.

Uttale frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet skal gi uttale til følgande:

- Kommunekassens årsrekneskap og årsberetning
- Konsolidert årsrekneskap
- Kommunale føretak (årsrekneskap og årsberetning)
- Lånefondet (årsberetning kan inngå i kommunekassens årsberetning)

Som oftast vil det vere hensiktsmessig med ein samla uttale til kommunekassens årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsberetning. Kontrollutvalet gir ikkje uttale til politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap, med mindre revisor har gitt revisjonsberetning.

Når det gjelder Bykle kommune skal kontrollutvalet berre gi uttale til kommunekassens årsrekneskap og årsberetning.

Handsaming av årsrekneskapen

Handsaming av årsrekneskapen og årsberetning vil vere som følger.

- Kommunedirektør avleggjar årsregnskapet innan 22.02.26
- Kommunedirektør utarbeider årsberetning innan 31.03.26
- Revisor avgir revisjonsberetning til kommunestyret innan 15.04.26
- Kontrollutvalet avgir uttalelse om årsrekneskapen til kommunestyret
- Formannskapet innstiller overfor kommunestyret om godkjenning (Kontrollutvalets uttalelse skal føreligge når formannskapet handsamar årsrekneskapen)
- Kommunestyret godkjenner årsrekneskapen innan 30.06.26

Vurderingar:

Sekretariatet vil anbefale kontrollutvalet å gi ein standard uttale til årsrekneskapen og årsberetninga for 2025.

Framlegg til vedtak:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Bykle kommunes årsrekneskap og årsberetning for 2025. Agder Kommunerevisjon IKS har avgitt normalberetning utan spesielle merknader.

Basert på revisjonsberetninga har kontrollutvalet ingen spesielle merknader til kommunens årsberetning. Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, framkomme i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalets uttale.

Kontrollutvalet anbefaler at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga for 2025.

Til kommunestyret i Bykle kommune

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskap for Bykle kommune som viser et netto driftsresultat på kr 50 438 151. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2025, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til kommunekassen per 31. desember 2025, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Norge og International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsberetningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen og den øvrige informasjonen som er publisert sammen med årsregnskapet. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen, og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen eller annen øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi uttaler oss om årsberetningen og har ingenting å rapportere i så henseende.

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Vi henviser for øvrig til avsnittet «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

Kommunedirektørens ansvar for årsregnskapet

Kommunedirektøren er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommunelovens bestemmelser og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Kommunedirektøren er også ansvarlig for slik intern kontroll som vedkommende finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av kommunedirektøren er rimelige.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir en dekkende fremstilling.
- Vi kommuniserer med kontrollutvalget og kommunedirektøren blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i intern kontroll som vi avdekker gjennom revisjonen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Bykle kommunes redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Kommunedirektørens ansvar for å redegjøre for budsjettavvik


Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at det utarbeides og iverksettes rutiner som sikrer at alle vesentlige budsjettavvik identifiseres og beskrives. Dette gjelder både beløpsmessige rammer og vedtatte premisser for bruken av bevilgningene. I årsberetningen skal kommunedirektøren redegjøre for vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å se etter om årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettet og vesentlige avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene. Vi skal avgi en uttalelse om årsberetningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 302 Forenklet etterlevelseskontroll av vesentlige budsjettavvik. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik i årsberetningen

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 302, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for om det foreligger avvik fra budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene, og om det i årsberetningen er gitt dekkende opplysninger om årsakene til avvikene. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i konklusjon om årsregnskapet i revisjonsberetningen. Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Kristiansand 10. april 2026


Torjus Finstad Ledaal
Statsautorisert revisor

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

Kopi: Kontrollutvalget
Formannskap
Kommunedirektør

Agder Sekretariat KO

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak 09/26

Møtedato: 06.05.26

Sakshandsamar: ILA

SAK 09/26 KOMMUNEDIREKTØRENS OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «INTRODUKSJONSPROGRAMMET I BYKLE KOMMUNE»

Vedlegg:

Tilbakemelding frå kommunedirektør

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde i sitt møte 17.09.2025 framlegg til kommunestyret i samband med rapport «Introduksjonsprogrammet i Bykle kommune». Kommunestyret vedtok kontrollutvalets innstilling.

Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten «Introduksjonsprogrammet i Bykle kommune».

Kommunestyret ber kommunedirektør gje skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.03.2026 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp.

Skriftleg tilbakemelding følger vedlagt saka. Kommunedirektør er invitert til møte for å orientere og svare på eventuelle spørsmål.

Revisor vil og vere til stades i møte og kan kommentere saka.

Tilrådingane i rapporten:

- Kommunen bør sikre at de som har krav på kurs i foreldreveiledning får dette spesifisert som et element i sin integreringsplan.
- Kommunen bør sikre at det dokumenteres at kurs i foreldreveiledning er gjennomført for den enkelte deltager.
- Kommunen bør sikre at det foreligger tilstrekkelig dokumentasjon/journalføring i den enkelte sak.

Utdrag frå kommunedirektørens tilbakemelding:

Kommunen er godt i gang med betre rutinar for avvikshandtering, dokumentasjon/journalføring og oppfølging av foreldreveiledning

Flyktingtenesta har gjennomgått og endra eigne rutinar etter revisjonen.

- *Foreldretleingskurs vert kjøpt frå Barnas plattform, og gjennomført på ukrainsk av psykolog med lang erfaring.*
- *Alle har fått tilbod og alle med eitt unntak har gjennomført. Kurs er òg tilbydd besteforeldre i husstand med barn.*

Tidlegare rutine:

- *Diplom delt ut til deltakar, men ikkje dokumentert i kommunen sine system.*

Ny rutine (2025):

- *Diplom skannast inn deltakerens FLYVO- profil før det blir delt ut til deltakarane.*

Endringa gjev tilstrekkeleg dokumentasjon i den enkelte sak.

Vurdering:

Hensikten med denne oppfølginga er å sjå til at kommunedirektør har følgd opp anbefalingane i rapporten på ein tilfredsstillande måte. Sekretariatet har elles ingen merknader i saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar kommunedirektørens tilbakemelding til orientering.



**BYKLE
KOMMUNE**

Forvaltningsrevisjon av introduksjonsprogrammet



Innleiing

- Agder kommunerevisjon har levert ei grundig og balansert rapport.
- Revisjonen har vurdert både internkontroll og etterleving av lovpålagte krav.
- Viktig rapport for å sikre kvalitet i introduksjonsprogrammet.

Hovudfunn

Internkontroll

- Klar organisering og ansvarsdeling.
- Rutinar, malar og system på plass.
- Bør styrkje avviksrapportering knytt til introduksjonsprogrammet.- dette gjeld generelt

Etterleving av lovkrav

- Deltakarar får tilbod innan lovens frist.
- Kompetansekartlegging og individuell plan blir gjennomført.
- Norskopplæring og arbeidspraksis er godt ivareteke.
- Forbetringspunkt: kurs i foreldreveiledning ikkje alltid dokumentert i plan og saksmateriale.
- Journalføring/dokumentasjon bør styrkjast.

Konklusjon

- Kommunen har i all hovudsak etablert internkontroll som sikrar lovpålagt introduksjonsprogram.
- Kommunen etterlever i hovudsak lovkrava.
- Nokre konkrete forbetningspunkt:
 - Sikre at foreldreveiledning blir spesifisert i integreringsplan.
 - Dokumentere gjennomført kurs i kvar enkelt sak.
 - Forbetre journalføring og dokumentasjon.

Høyrings svar

- Gledelig at revisjonen framhevar arbeidsretta fokus og systematikk.
- Tek merknadene til etterretning.
- Kommunen er godt i gang med betre rutinar for:
 - Avvikshandtering
 - Dokumentasjon/journalføring
 - Oppfølging av foreldreveiledning

Oppfølging

- Flyktningtenesta har gjennomgått og endra eigne rutinar etter revisjonen.
- Foreldrettleiingskurs vert kjøpt frå *Barnas plattform*, og gjennomført på ukrainsk av psykolog med lang erfaring.
- Alle har fått tilbod og alle med *eitt* unntak har gjennomført. Kurs er òg tilbydd besteforeldre i husstand med barn.
 - Juni 2023: 10 deltakarar
 - Februar 2024: 5 deltakarar
 - Sept/okt 2025: 4 deltakarar

Endra rutine for dokumentasjon

- **Tidlegare rutine:**
 - Diplom delt ut til deltakar, men ikkje dokumentert i kommunen sine system.
- **Ny rutine (2025):**
 - Diplom skannast inn deltakerens FLYVO- profil før det blir delt ut til deltakarane.

Endringa gjev tilstrekkeleg dokumentasjon i den enkelte sak.



www.bykle.kommune.no

Agder Sekretariat KO

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak 10/26

Møtedato: 06.05.26

Sakshandsamar: ILA

SAK 10/26 KOMMUNEDIREKTØREN SI OPPFØLGING AV NUMMERT BREV NR. 1-26

Vedlegg:

Nummerert brev nr. 1-26 frå Agder Kommunerevisjon IKS
Kommunedirektøren si tilbakemelding på brev nr. 1-26

Bakgrunn for saka:

Det nummererte brevet frå revisor i samband med forenkla etterlevingskontroll på området kommunen si etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til vedtak på særskilt tilrettelagte bustader vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 04.02.26.

Nummerert brev nr. 1-26 følgjer som vedlegg til saka. Det blir vist til dette for nærare skildring av kva revisor har teke opp.

Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll og nummerert brev nr. 1-26 til orientering.

Kontrollutvalet ber kommunedirektør kome med skriftleg tilbakemelding innan 01.03.26 på oppfølginga av nummerert brev 1-26.

Kommunedirektøren har sendt skriftleg tilbakemelding med si oppfølging av revisors brev nr. 1-26. For nærare informasjon blir det vist til dette.

Kommunedirektøren er invitert til møte for å presentere si oppfølging av saka.

Vurderingar:

Når revisor kjem med skriftlege merknader i nummerert brev, er det etablert rutine for at kommunedirektøren skal svare på desse merknadene skriftleg.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at forhold som er påpeika i nummererte brev blir følgde opp. Tilbakemeldinga viser kva tiltak kommunen har sett i verk for å sikre at regelverket knytt til vedtak på særskilt tilrettelagte bustader blir følgde opp.

Sekretariatet har elles ingen merknader.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek kommunedirektøren si tilbakemelding til orientering.

Til kontrollutvalget i Bykle kommune

Brev nr.1/26

Forenklet etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltningen 2025 – vedtak på særskilt tilrettelagte boliger

Konklusjon

Basert på revisjonens gjennomgang av ga vi uttalelse med følgende konklusjon:

Grunnlag for negativ konklusjon

Ved kontrollen ble det avdekket at 2 av 4 vedtak ikke hadde tilstrekkelig begrunnelse for beboernes behov for særskilt tilrettelagt bolig. For alle de 4 kontrollerte vedtakene forelå det mangler i beskrivelsen av hvordan boligen oppfyller beboers behov for tilrettelegging

Konklusjon

På grunn av betydningen av forholdet beskrevet i avsnittet «Grunnlag for negativ konklusjon» kan vi ikke konkludere med at Bykle kommune i det vesentligste har etterlevd kravene til vedtak på særskilt tilrettelagte boliger.

Bakgrunn

Basert på risikovurdering lagt frem for kontrollutvalget ble følgende valgt ut for kontroll i 2025

Etter en samlet vurdering har revisjonen valgt ut området:

Vedtak på særskilt tilrettelagte boliger

Kriteriene er hentet fra:

- *Lov om merverdiavgift § 3-11*
- *Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 4*
- *Forskrift om mva-kompensasjon til kommuner mv. § 7*
- *Merverdiavgiftshåndboken 2025 punkt 23.5.5 (vedtak)*

Her vil vi se på etterlevelse av følgende forhold:

- *at kommunen har oversikt over boliger med utleie til helse- og sosialformål.*
- *at kommunen har gyldige enkeltvedtak på tildeling av bolig, og at vedtakene oppfyller kravene til legitimering av retten til å kreve mva-kompensasjon.*

Det følger av merverdiavgifts håndboken¹ at vilkåret for å kreve merverdiavgiftskompensasjon er at boligen er «særskilt tilrettelagt». Skattedirektoratet har uttalt at utrykke «særskilt tilrettelagt» henspiller på boligens beskaffenhet. Videre at det er en behovsprøving for de som

¹ Side 1150/1151

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

bor der i den forstand at det er den særskilte tilretteleggingen som gjør at beboer er innvilget boligen.

Selve tildelingsvedtaket må være formulert slik at man kan ta stilling til om kriteriene som ligger i særskilt tilrettelagt er oppfylt. Beslutningsgrunnlaget/konklusjonen av behovsprøvingen må fremgå tydelig enten i selve tildelingsvedtaket eller i eget vedlegg tilhørende tildelingsvedtaket.

Vi har kontrollert hvorvidt vedtakene beskriver beboers behov for en tilrettelagt bolig, samt at det fremkommer tydelig at den særskilte tilretteleggingen av boligen møter beboers behov.

Gjennomført kontroll

Det ble innhentet oversikt over boliger med utleie til helse- og sosialformål. Basert på dette, valgte revisjonen å kontrollere 4 vedtak på tildeling av særskilt tilrettelagte boliger.

2 av 4 vedtak ikke hadde tilstrekkelig begrunnelse for beboernes behov for særskilt tilrettelagt bolig. For alle de 4 kontrollerte vedtakene forelå det mangler i beskrivelsen av hvordan boligen oppfyller beboers behov for tilrettelegging

Antallet avvik er av en slik størrelsesorden sett i forhold til vårt utvalg at dette har medført negativ konklusjon.

En negativ konklusjon innebærer at vi mener det foreligger forhold som gir oss grunn til å tro at kommunen ikke overholder revisjonskriteriene.


Vår kontroll knytter seg kun til hvorvidt vedtakene oppfyller kravene til legitimasjon av retten til å kreve merverdiavgiftskompensasjon. Mangler i vedtak kan få konsekvenser ved et evt. bokettersyn.

Vår kontroll har ikke avdekket indikasjoner på at tildelingen og bruken av boligene ikke er i tråd med intensjonen med boligene.

Vi ber administrasjonen komme med en skriftlig tilbakemelding, innen 1. mars 2026, vedrørende resultatet av denne kontroll, og at denne tilbakemelding også oversender til kontrollutvalget.

Kristiansand, 23. januar 2026


Tor Ole Holbek
Revisjonsdirektør


Torjus Finstad Ledaal
Statsautorisert revisor

Kopi: Kommunedirektør



Svar på forenklet etterlevelses kontroll.

Bykle 23.04.26

Bykle kommune tar forenkla etterlevelseskontrollen til følge.

Kommune vil gå gjennom vedtaka på dei tilrettelagte bustadane, og opprette nye vedtak som oppfyller krava.

Kommune vil vidare gå gjennom sine interne prosedyrar for å sikre at Bykle kommune oppfyller krava av retten til å krevje merverdiavgiftskompensasjon.

Mvh

Trine Lise T Enersen
Kommunalsjef

Agder Sekretariat KO

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak: 11/26

Møtedato: 06.05.26

Sakshandsamar: ILA

SAK 11/26 REVISOR ORIENTERAR

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.